



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Faktaark

Skatte- og avgiftsendringar i Revidert nasjonalbudsjett 2013

Skattetiltak for næringslivet på fastlandet

Regjeringa varsla 5. mai ein vekstpakke med skattetiltak for næringslivet på fastlandet. Samtidig vart det presentert forbetringar av petroleumsskattesystemet.

Les meir i pressemeldingar frå 5. mai, nr 18/2013 og nr 19/2013.

Unntak i advokatar si teieplikt på skatte- og avgiftsområdet

Finansdepartementet foreslår at advokatar og andre tredjepartar, utan hinder av lovbestemt teieplikt, skal gi skatte- og avgiftsstyresmaktene opplysningar om pengeoverføringar og innskot på klientkonti.

Les meir i pressemelding 21/2013 og Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollvgivinga kapittel 12.

Enklare reglar om handsaming av skatteklager

Finansdepartementet foreslår at skattekontoret skal kunne avgjere klager der skattytaren skal få medhald i saka.

Les meir i pressemelding 25/2013 og Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollvgivinga kapittel 13.

Auka vrakpant og lågare avgift for ladbare hybridbilar

Regjeringa foreslår å auke vrakpanten med ytterleigare 500 kroner frå 1. juli. Vrakpanten vert dermed 3 000 kroner per bil. I tillegg foreslår Regjeringa å auke vektfrådraget i eingongsavgifta for ladbare hybridbilar. Det gir enda lågare avgift for hybridbilar med særskilte låge CO₂-utslepp.

Les meir i pressemelding 23/2013 og Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollvgivinga kapittel 7 og 8.

Styrket grensekontroll

Regjeringa foreslår å løyve 20 millionar kroner til å styrke Toll- og avgiftsetaten sin grensekontroll. Forslaget omfattar å utbetre trafikkforholdene ved Svinesund grensekontrollstasjon og utvide det elektroniske nærværet på grenseoverganger utan vaktbataljon.

Les meir i pressemelding 24/2013.

Nye lovføresegner for tollkontroll

Regjeringa foreslår å vidareføre og tydeleggjere toll- og avgiftsstyresmaktene sin rett til å innhente, lagre og samanstille personopplysningar.

Opplysningane skal brukast i grensekontrollen for å avdekkje ulovleg vareførsel, og sørge for at toll og avgifter blir deklarerert og betalt i samsvar med regelverket. Toll- og avgiftsstyresmaktene skal også få rett til å innhente, lagre og samanstille visse sensitive personopplysningar, samt ikkje-verifiserte opplysningar frå tredjepartar. Forslaget har vore på høring.

Sjå Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga kapittel 9.

Reduksjon av fribeløpet i den differensierte arbeidsgivaravgifta

Regjeringa foreslår å redusere det årlege fribeløpet ved berekning av arbeidsgivaravgift for føretak i sone Ia frå 530 000 kroner til 450 000 kroner, med verknad frå og med 4. termin 2013. Tilsvarande gjeld for stålproduksjon og skipsverft. For vegtransportføretak vert det årlege fribeløpet redusert frå 265 000 kroner til 225 000 kroner. Det er nødvendig å endre dette fordi endringar i kursforholdet mellom euro og norske kroner gjer at gjeldande fribeløp kan føre til at føretaka får høgare statsstøtte enn det som er tillate etter EØS-avtalen.

Sjå Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga 2013 kapittel 4.

Meirverdiavgift – endringar i representantordninga

Regjeringa foreslår å oppheve representantar sitt ansvar for betaling av meirverdiavgift. Forslaget gjeld berre i dei tilfella kor den næringsdrivande er heimehørende i ein stat som Noreg har avtale om utveksling av informasjon og innkrevjing av meirverdiavgift med.

Sjå Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga kapittel 6.

Endring i tollova – nedsetting av toll

Frå 1. juli 2013 foreslår Regjeringa ei endring i tollova som inneber at tollstyresmaktene på same måte som for industrivarer, får heimel til å treffe enkeltvedtak om å setje ned toll på landbruksvarer. Toll- og avgiftsdirektoratet har påpeika at det kan vere behov for ein slik heimel i heilt særeigne saker, til dømes i saker om feilinformasjon.

Sjå Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga kapittel 10.

Rapporteringsplikt

Regjeringa foreslår å utvide rapporteringsplikta for tredjepartsopplysningar for den som betalar ut erstatning for personskade og tap av forsørgjer. Føremålet er at ytterlegare grunnlagsdata kan leggjast inn i den førehandsutfylte sjølvmeldinga, og bidra til å sikre at barn og unge som har krav på formuefritak etter skatteloven § 4-22 faktisk får det.

Sjå Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga 2013 kapittel 14.

Produktavgift på førstehandsomsetning av fisk

Regjeringa foreslår å auke produktavgifta frå 2,6 pst. til 3 pst. av førstehandsverdien av fisk frå 1. juli 2013. Avgifta dekkjer mellomlegget mellom trygdeavgifta i fiskerinæringa på 7,8 pst. og den ordinære trygdeavgifta for personleg næringsdrivande på 11 pst. samt kollektiv medlemspremie til yrkesskadetrygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar og stønad til arbeidsledige i næringa. Bakgrunnen for forslaget er ei nedjustering av prognosane for førstehandsverdien på fisk og oppjustering av prognosane for dagpengar.

Sjå Prop. 150 LS (2012-2013) Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga 2013 kapittel 3.

Andre endringar

Det blir gjort nokre presiseringar og opprettingar i lovtekst.